

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: Deloitte AS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon – Trivselshagen IKS

Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er plan for selskapskontroll 2016 - 2020, vedteken av fylkestinget 18. oktober 2016 i sak 42/16. Selskapskontroll av Trivselshagen IKS er tredje prosjekt i planen, og står no for tur. I tillegg har Vidsyn Rådgjeving AS utarbeidd rapporten Organisasjonsform og -struktur i Trivselshagen på oppdrag frå styret i selskapet. Her er avdekka nokre utfordringar for selskapet, og ei av tilrådingane i rapporten er at eigarane bør nytte kontrollutvala til å etterprøve selskapsavtalen, kostnads- og inntektsfordeling mm. Fylkesutvalet behandla rapporten 6. mars i sak 10/19, der dei mellom anna vedtok at tilrådde tiltak i rapporten vert sette i verk.

Formål

Formålet med prosjektet er å få etterprøvd selskapsavtalen i tillegg til kostnads- og inntektsfordelinga i selskapet i forhold til lov og forskrift og inngåtte avtaler mellom eigarane. Ein bør også sjå på samarbeidet mellom eigarane med bakgrunn i det som kjem fram i rapporten frå Vidsyn AS, og i forhold til inngåtte avtalar og regelverk.

Forslag til problemstillingar

- Revisor blir bedt om å utarbeide problemstillingar i forhold til formål og etter diskusjon i kontrollutvalet.

Revisjonskriterium

Revisor vert oppmoda om å få på plass og gjennomgå revisjonskriteria. Endelege revisjonskriterium vert bestemt i kontrollutvalet si handsaming av prosjektplanen.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Økonomisk ramme: Utvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd innan 10. april, slik at kontrollutvalet kan få behandla denne i møte 6. mai.

Utvalet vil gjerne ha ferdigstilt prosjektet innan 15. september 2019 for handsaming i kontrollutvalet 1. oktober. Då får eventuelt fylkestinget rapporten til handsaming 8. oktober, og det er i dette tingsete eigarskapsmeldinga vanlegvis vert behandla.

Stad:.....

Dato:.....

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane fylkeskommune